

Wattn er ny kraftleverandør til Ringeby kommune

Wattn har vunne anbodskonkurransen om kraftleveranse til Ringeby kommune sine eidegdommar for dei neste fire åra. Kontrakta har eit omfang på 9,4 million kilowattimar per år og omfattar alle kommunen sine 157 anlegg.

- Å vinne anbodskonkurransen om Ringeby kommune, betyr mykje for oss, seier Camilla Blom, leiar for bedriftsmarknad i Wattn. Ringeby er ein spennande kommune i eit nytt område for oss, seier ho. Wattn har kundar over heile landet, men dei fleste av kundane våre er på vestlandet. No håpar vi at fleire kundar, både private og bedrifter, vil få auga opp for den spennande teknologien vi kjem med gjennom den moderne app-løysinga vår og bedriftsportal.

Wattn er ein av dei største kraftleverandørane i Noreg og er eigd av selskapa TAFJORD, SFE, Tussa og Sognekraft. Wattn har ein desentralisert organisasjon med kontor i ni ulike regionar på Vestlandet. Wattn vart etablert i 2021 og tilbyr moderne energiløysingar til bedrifter og privatkundar over heile Noreg.

Kontaktinformasjon:

Camilla Blom, Leiar for bedriftsmarknad

Telefon: 41 59 77 05

E-post: camilla.blom@wattn.no